

Årsmelding for 2012

Styret valt på årsmøtet 11.03.12:

Knut O. Dale, leiar (vald for eitt år)	Varamedlemar:
Harald Jordal (vald for 2 år)	1: Håkon Tverdal (vald for eitt år)
Harry Solberg (ikkje på val)	2: Ingvild Jøsendal (vald for eitt år)
Gry Folkvord (ikkje på val)	3: Marit Bleie Mannsåker (vald for eitt år)
Solveig Grønlien (ikkje på val)	Valnemnd: Brita Jordal, Svein Gjørsv og Jorid Ystanes

Styret har hatt 10 møte.

Medlemstalet: 138. Det er ein auke på 19 medlemmar.

Tilskipingar: Årsmøtet 9.mars 2012: På møtet innleidde Svein Gjørsv og Oddbjørn Lynghammar om nynorsken sin plass i Røldal.

Eikemo-turen 19.08.12: Me hadde i lengre tid emna på ei utferd som kunne vera noko for liten og stor, og som kunne gjeva både opplevingar og kveik for deltakarane.

Me valde ut Eikemo av mange grunnar: Alle medlemmane i Odda Mållag vart inviterte til å vera med på turen, og invitasjonsbrevet hadde denne overskrifta: Natur og kultur i ei særmerkt veglaus grend. Mange melde seg på, ja, nokre som ville vera med, måtte me seia nei til. Alt på turen gjekk overmåte bra, jamvel veret var med oss. Verten Geir Arne Eikemo tok imot oss på Viskjer og skyssa oss trygt over fjorden. For mange var nok høgdepunktet på turen å høyra Geir Arne, saman med systera Liv Eikemo Opdal og Oddny Miljeteig fortelja om oppveksten på Eikemo. Etter to velsmakande måltid, med tur til Eikemo-stølen innimellom, vende dei nærare 60 turdeltakarane attende til Odda, mette men lyfte i hugen: Dette hadde vore ein tur så rik på inntrykk og minnerike opplevingar!

Kulturkveld med presentasjon av Odda i manns minne 2012 18.11.12: Fullt hus og god stemning i Ungdomshallen. Program: 1: a) Lansering av OIMM b) Bilete til OIMM. c) Presentasjon av bidragsytarane 2: Målprisen 2011, med opplesing av grunningjeving. 3: Allsong og underhaldning ved Trubadurene 4: Utlodding av 20 bøker 5: Sal av OIMM nr 21. Harald Jordal var programleiar. Odda Ungdomslag selde kaffi og kaker.

Frå Gjeløys til Reinsnos- om ei vidgreina ætt med røter i Røldal og Vinje Kulturkveld 27.01.13 på Odda bibliotek. Reidar Borgstrøm fortalde levande om slekta si, og fekk tildelt Målprisen for 2011. Ungdommane Aurora Aarhus Opheim, Margit Kvalvik og Eirin Tjørflot framførde vokal og instrumental musikk. Kring 60 menneske hadde funne vegen til Hardangersamlinga. Håkon Tverdal var programleiar. Servering av kaffi og kaker.

Målprisen 2011: Professor Reidar Borgstrøm på Universitetet for miljø- og biovitskap (Landbrukshøgskulen på Ås) fekk prisen, som er eit trykk av Solfrid Aksnes.

Gåver, tilskot og andre påskjøningar: Påskjøning til dugande nynorskelev på Odda vidaregåande skule: Mildrid Kråkevik fekk prisen på 2 500,-kr. Alexander Opedal fekk sidemålsprisen på 2500,-kr.

Ingvild Skare Thygesen, vinnaren av Farmen-konkurransen, fekk boka På godt norsk, som ei påskjøning for at ho skriv bloggen sin på nynorsk. Kristin Eide, ny journalist i Hardanger Folkeblad, fekk boka som Norvald Vethe skreiv om stadnamn i Odda. Skare Ungdomslag fekk 1500,-kr til innkjøp av nynorske songbøker. Odda Mållag har hatt lysingar i avisa som Røldalsmarknaden gav ut, i kyrkjebladet «Helgahelsing» og i bladet til Radio Folgefonn. Vidare har Odda Mållag løyvt 10 000,-kr til eit påtenkt idrettsmuseum i Odda.

Odda i manns minne: I skriftstyret: Harry Solberg, Kristen D. Eitrheim, Ingvild Jøsendal og Harald Jordal. Opplaget var på 1300 og nær på utselt. Tre laurdagar selde mållagsmedlemar heftet på Sørfjordsenteret.

Nynorsk i skulen: 68,9% av elevane i grunnskulen i Odda har nynorsk opplæringsmål. Framfor innskrivinga hadde Odda Mållag lysing i Hardanger Folkeblad.

Møte om nynorsken sin plass i vaksenopplæringa: 01.2.12 hadde Harry Solberg og Knut O.Dale møte Marny Skeie Henkel om språket i vaksenopplæringa i Odda. Marny Skeie Henkel er rektor for vaksenopplæringa i Odda kommune.

Fråsegn om nedlegging av klassar på Odda vidaregåande skule: Hordaland fylke har tankar om å leggja ned klassar på Odda vidaregåande skule. Det gjeld m.a. byggfag og idrettsfag. Odda Mållag tok til motmæle mot framlegget, og fråsegna vart trykt i Hardanger Folkeblad.

Sidemålssaka: På landsmøtet til Noregs Mållag hadde Odda Mållag meldt inn denne fråsegna:

I Noreg har me to jamstelte skriftspråk, nynorsk og bokmål, og Noregs Mållag meiner at dette må koma til uttrykk i fagplanar og eksamensordningar i skuleverket.

Noregs Mållag meiner at elevane må prøvast både i nynorsk og bokmål når dei kjem opp i skriftleg eksamen på yrkesfag 2.åreti den vidaregåande skulen at nynorsk og bokmålsdelen må telja like mykje på ein slik eksamen.

Vidare meiner Noregs Mållag at ordninga med sidemål som trekkfag må ta slutt og at ordninga med to jamstelte eksamensstilar, ein i hovudmål og ein i sidemål, må koma attende. Noregs Mållag meiner at avsluttande eksamen i hovudmål og sidemål skal leggjast til 2.semester (2.termin) 3.året. Det same må gjelda for klassar som har teke yrkesfag før dei skaffar seg generell studiekompetanse.

Odda Mållag fekk ikkje gjennomslag for framlegget på landsmøtet.

Språkdelinga på Odda ungdomsskole:

Rådmannen i Odda gjorde framlegg om å oppheva språkdelinga på ungdomstrinnet

31.10.12 hadde Harry Solberg og Knut O. Dale møte med oppvekstsjefen i Odda, Øyvind Bjørkevoll. og skulefagleg rådgjevar Marit Langås om framlegget frå rådmannen.

20.11.12 sende styret eit brev om saka til ordføraren, formannskapsmedlemene og gruppeleiarane i Odda kommunestyre. Fleirtalsgruppa i Odda kommunestyre (Arbeidarpartiet, Raudt og Demokratane i Noreg) heldt oppe språkdelinga.

Utsendingar på møte:

Årsmøtet i Hordaland Mållag 17.mars 2012 i Lindås : Solveig Grønlien. Solveig Grønlien er nestleiar i Hordaland Mållag.

Landsmøtet i Noregs Mållag i Oslo 27.-29.12: Ingvild Jøsendal, Solveig Grønlien, Harald Jordal og Knut O. Dale. Solveig Grønlien møtte for Hordaland Mållag.

Landsseminar, Lillehammer 13. og 14.10.12: Solveig Grønlien og Knut O. Dale

Seminar om sidemålet i Bergen 17.11.12: Håkon Tverdal, Solveig Grønlien og Knut O. Dale.

24.01.13 deltok Solveig Grønlien og Knut O. Dale på eit møte i Bø i Telemark. Møtet var skipa til av Telemark Mållag og representantar for alle dei politiske partia deltok på møtet. På møtet vart politikarane utfordra til å seia meininga si om sidemålssaka.

Heimeside:

Odda Mållag vonar på å få ei oppegåande heimeside innan kort tid. Mauritz Olsson har laga sida og halde kurs for styremedlemar.

Økonomien: Marit Mannsåker Bleie har vore kasserar. Inntektene i 2012 var kr 305 566,20 og utgiftene var kr 258 218,81.

Økonomien til Odda Mållag er god.

Målbruken på Odda vidaregåande skule: Nærare 80% av elevane på Odda vidaregåande skule har hatt nynorsk som opplæringsmål i

grunnskulen, men likevel dominerer bokmålet i undervisninga. 19.09.12 hadde Knut O. Dale møte med leiareren i Ullensvang Mållag Erlend Trones og ordføraren i Ullensvang om saka. Møtet var i Kinsarvik.

9.januar 2013 møtte leiarane i Ullensvang Mållag og Odda Mållag, saman med ordføraren i Ullensvang, Solfrid Borge, og ordføraren i Odda, John Opdal, administrasjonen på Odda vidaregåande skule. På møtet stod målbruken på Odda vidaregåande skule på dagsorden. Rektor Karl Erik Christiansen var positiv og imøtekommande, og på slutten av møtet sa han at desse retningslinene skal gjelda for målbruken på Odda vidaregåande skule:

- All kommunikasjon ut frå skulen (også interne oppslag og intern kommunikasjon på skulen) skal vera på nynorsk.
- Prøvar skal vera på begge skriftspråka.
- Lærarane skal bruka det nynorske katetereksemplaret.
- Administrasjonen vil oppmoda lærarane til å bruka nynorsk i eigenprodusert undervisningsmaterieil .
- Administrasjonen vil oppmoda lærarane om å bruka nynorsk på tavla.
- Skulen skal arrangera kurs i nynorsk.

Med på møtet var og avdelingsleiarane Jane Myhre og Geir Rønningen saman med assisterande rektor Turid Bårdsvik Hauso.

Etterord:

Sidemålsordninga i skulen hjelper ikkje nynorskelevane til å halda på skriftspråket sitt. Difor ynskjer Odda Mållag å få attende ordninga med to jamstelte eksamensstilar 3.året i den vidaregåande skulen. Dersom det i tillegg skulle verta slik at sidemålet skal ha lågare krav enn hovudmålet, vil fråfallet auka endå meir.

I mangt og mykje er nynorsken inne i ei lagnadstid, og styret i Odda Mållag vonar at augo til styret i Noregs Mållag og kunnskapsminister Kristin Halvorsen vert opplatte: utan to likeverdige og obligatoriske eksamensstilar i den vidaregåande skulen ser det mørkt ut for nynorsken. Elles er styret glade for at språkdelinga på ungdomstrinnet held fram i Odda. Stor takk til fleirtalskoalisjonen!

På styremøtet 24.09.12 innleidde Eldbjørg Furholt om nynorsken sin plass i barnehagane. I fyrstninga av februar 2013 vil Odda Mållag og Ullensvang Mållag senda eit brev til Hardangerrådet der overskrifta er: *Framlegg om oppretting av ei regional prosjektstilling: Den nynorske songskatten i barnehagar og på småskulesteget i Hardanger.*

Medlemstalet i Odda Mållag auka i 2012, mykje takka vere «Oddny Miljeteig-aksjonen» for sidemålet.

Dette året kom *Odda i manns minne* ut med hefte nummer 21. Skriftstyret med Harry Solberg som drivkraft, skal ha stor takk for arbeidet som dei har lagt ned!

Odda 04.02.12

Styret i Odda Mållag